

HØYRINGSUTTALE OM KULTURSKOLELØFTET

Kulturløftet, kunnskapsløftet og barnehageløftet må straks sjåast i samanheng. Som rapporten peikar på, er det dei same barna vi har tilbod for.

Utkant-Norge er styrt av skuleskyssen og vi treng utvida rammer for skuledagen for å kunne legge til rette for tettare samhandling mellom skule og kulturskule på dagtid.

Heildagsskulen kan innehalde tilbod om fysisk aktivitet, kulturskule osv. Vi kan ikkje gå ut frå at grunnskulelæraren og kulturskulelæraren er den same. Kulturskulelærarar er ofte utøvande kunstnarar som kombinerar fleire arbeidsoppgåver. Mange av dei har ikkje pedagogisk kompetanse for å undervise store grupper.

Difor er den beste fleksible effekten å utvide rammene for skuledagen. Kulturskulelæraren kan ha individuell undervisning med elevane slik at dei ikkje mistar tid i høve fag- og timebytetabellen.

Ei forskrift for kulturskuleverksemd er svært positiv og etterlengta, både for kommunen som eigar og for rektor og tilsette som skal drive kulturskulen. Så lenge det ikkje fins noko lovpålagt forskrift for kulturskulen, blir det lett ein salderingspost i budsjettprosessar.

Dersom denne forskrifta blir vedteke, vil inntektene i kulturskulen gå ned grunna maksprisen. Utan at det følgjer med overføringar i blanke kroner, vil det bety eit dårlegare tilbod enn det vi har i dag.

Om forslag til forskrift – vedlegg A

§ 1:

”Kulturskulen skal, når dette ønskes, kunne administrere lønnsordningar for ansatte i fritidskulturlivet” - **endre skal til kan**

§ 2:

Verbet skal må bort og ----”innenfor rammen av en helhetlig skoledag” - **må fjernast inntil heildagsskule er innført**

§ 3:

Innføring av makspris føreset at staten dekker meir av kostnadane til kulturskule.

§ 4:

Pålegg om å lage planar for korleis ventetid skal reduserast, er lite verdt når bevilgningane varierar kvart år. Dessutan kjem det seg an på om elevane som ventar har andre tilbod, om vi har lærar i det kunstfaget dei søkjar og om kommunen har eit akseptabelt nivå på elevplassar i forhold til innbyggjartal.

§ 7:

d) Fjerne optimal tid på venteliste

Helsing

Øystre Slidre kommune
Sektor for skule og barnehage
Anne Mari Stensby
Rådgjevar